

# VOLDA KOMMUNE

## FORSKRIFT OM ØPNINGSTID/SKJENKETID FOR SERVERINGS-/SKJENKESTADAR.

Vedteken av Volda kommunestyre i møte 24.10.96, sak 178/96.  
Godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 05.12.96.  
Omheimla av Volda kommunestyre i møte 18.12.97, sak 181/97.  
Endra av Volda formannskap i møte 30.03.98, sak 88/98, etter delegert fullmakt frå kommunestyret, sak 29/98.

### Lovheimel

§ 4-4 andre ledd i lov av 02.juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkohollova) og § 15 i lov av 13. juni 1997 nr. 55 om serveringsverksemd (serveringslova).

### 1. Generelt

#### *A. Opningstider (Serveringslova § 15):*

Serveringsstaden kan halde ope frå kl. 06.00 til kl. 01.00.

#### *B. Skjenketider (Alkohollova § 4-4):*

##### Brennevin:

I samsvar med alkohollova § 4-4 første ledd kan skjenking av **brennevin** skje frå kl. 13.00 til kl. 24.00.

Etter alkohollova § 4-4 fjerde ledd er det **forbudt å skjenke** brennevin mellom kl. 03.00 og 13.00.

Etter alkohollova § 4-4 sjettede ledd er skjenking av brennevin forbudt på valdagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemning vedtatt i lov.

##### Øl og vin:

Skjenking av **vin og øl** kan skje frå kl. 08.00 til 01.00.

Etter alkohollova § 4-4 fjerde ledd er det **forbudt å skjenke** vin og øl mellom kl. 03.00 og 06.00.

I samsvar med alkohollova § 4-4 sjuande ledd må konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er gått ut.

Skjenkestadane må då stenge seinast kl. 01.30.

## **2. Spesielt**

### **2.1 Lenga opningstid/skjenketid ved skjenkestadane:**

Skjenketida for øl og vin ved serverings-/skjenkestadane i Volda kommune vert utvida frå kl. 01.00 til kl. 02.00 natt til laurdagar og natt til søndagar. Ettersom konsum av alkoholhaldig drikk må opphøyre 30 min. etter at skjenketida går ut, jfr. § 4-4 sjuande ledd i alkohollova, må lokala natt til laurdagar og natt til søndagar stenge seinast kl. 02.30.

Skjenking av brennevin kan likevel berre skje til kl. 24.00.

Tilsvarande ordning gjeld for nyttårsaftan.

### **2.2 Studentveka:**

Opningstida ved Studentkroa kan i samband med studentveke-arrangementet utvidast frå kl. 01.00 til kl. 02.00.

Skjenketida vert likevel ikkje utvida i høve desse arrangementa utover det som følgjer for natt til laurdagar/søndagar i pkt.2.1.

## **3. Enkelthøve elles i året**

Adm.sjefen har mynde til å vedta endra opnings-/skjenketider for enkelthøve elles i året når det gjeld kommunale løyve.

## **4. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft frå kunngjeringstidspunktet.

XXXXXX